

**MØTEBOK****Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020  
- 2040**

Utval sak	Utval	Møtedato
24/19	Formannskapet	03.04.2019
12/19	Kommunestyret	24.04.2019

**Vedlegg**

- 1 Planprogram for kommunenplanen sin samfunnsdel 2020 - 2040**
- 2 Innspel planprogram - Stord kommune**
- 3 Innspel planprogram - NVE**
- 4 Innspel planprogram - Fiskeridirektoratet**
- 5 Innspel planprogram - Kongsgarden historisk formidlingssenter**
- 6 Visjonsdokument, Kongsgarden historisk formidlingssenter**
- 7 Innspel planprogram - Kråko utvikling**
- 8 Innspel planprogram - Folkehelsekoordinator**
- 9 Innspel planprogram - Kystverket**
- 11 Innspel planprogram - Eldrerådet (justert)**
- 12 Innspel planprogram - Råd for funksjonshemma**
- 13 Innspel planprogram - Hordaland Fylkeskommune**
- 14 Innspel planprogram - Fylkesmannen i Vestland**
- 15 Rundskriv samfunnssikkerhet planlegging og byggesaksbehandling**
- 16 Innspel planprogram - Statens vegvesen**
- 17 Referat frå folkemøte 06.03.19**
- 18 Referat frå Innbyggjarpanel - 19.02.19**

**Bakgrunn:**

Planprogrammet for kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) for Fitjar kommune vart handsama av formannskapet 06.02.19 og har lagt ute til høyring i 6 veker frå 07.02.2019 til fristens utløp 24.03. 2019. Det er kunngjort i «Sunnhordland» «Bergens Tidene» og «Fitjarposten».

I høyringsrunden kom det inn 13 høyringsinnspel. Administrasjonen har delteke og informert i Rådet for Funksjonshemma og Eldrerådet, gjennomført eit møte med innbyggjarpanelet og eit folkemøte. Vi har også presentert planprogrammet i regionalt planforum i Hordaland fylkeskommune.

Ut frå innspela frå innbyggjarpanelet og folkemøtet ser ein at kommunen har vore rimeleg treffsikre i aktuelle hovudtema for KPS. Hovudtema som ligg føre passar inn i utfordrings- og utviklingsbilete for Fitjar kommune dei neste 20 åra.

Innspela på desse to medverknadsprosessane har vore gode og det er mykje informasjon og idear vi vil vurdere i det vidare i arbeidet med KPS. Det er viktig å presisere at dialogbasert medverknad gjev mange innspel, og det er viktig at alle får kome med sine innspel. Engasjement kring planen aukar planen si forankring og i neste omgang gjennomføringskrafta. Også regionale styresmakter har gjeve sine innspel til planprogrammet og sjølve planen. Men ein plan er ikkje summen av alle innspel. Det må gjerast klare retningsval og tydelege prioriteringar slik at kommuneplanen får

styringskraft. Desse vala vert gjort gjennom planprosessen, og til slutt i kommunestyret sitt vedtak.

Basert på Fitjar sin historie, fortrinn som samfunn, sentrale næringar, livskvalitet og framtidsretta satsingar er ein aktuell visjon for dei neste 20 åra vera:



Vi har fått visjonen teikna ut av Zpirit kommunikasjonsbyrå. I deira presentasjon seier dei:

Visjonen si utforming skal gjenspegle naturlandskapet til Fitjar:

- Bølger og hav
- Fjellandskap
- Naturlandskap
- Åker og jordbruk
- Vind og vindkraft

Vi har i høyringsinnspela fått inn nokre fleire forslag til visjonar:

Frå medlem i innbyggjarpanelet, og rådet for funksjonshemma: Fitjar i vinden, Fitjar i medvind.

Frå arbeidsgruppa til Kongsgarden Historiske Formidlingscenter:

- Historie, samtid og framtid – Fitjar – naturlegvis.
- Fitjar, frå fortid til framtid

Administrasjonen si vurdering er at den foreslåtte visjonen er treffsikker på Fitjar sine fortrinn, gjev ein tydelig retning for kommuneplanen sine hovudtema. Visjonen har også ei dobbel tyding der ordet «naturlegvis» har synonym som « sjølvsgatt, openbart, tydelegvis, absolutt»

Arbeidet med dette vil fortsette framover med tanke på utvikling og bruk.

### **Vurdering:**

Administrasjonen har gått gjennom alle høyringsinnspel og vurdert desse.

Hovudspørsmålet er om innspela fører til endring i teksten i planprogrammet, og slik påverkar prioriteringane i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Fylkeskommunen, fylkesmannen og nokre statsetatar har bedt om forlenga høyringsfrist, men dette er kun gjeve til 25.3 pga av kommunen si politiske handsaming slik det går fram i planprogrammet. Kommunen har følgd PBL krav om høyringsfrist.

Her følgjer oversikt over handsamlinga av høyringsinnspela:

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
<p>Folkehelsekoordinator Sigrid Fangel</p>	<p><b>Utfordringar</b> for Fitjar kommune:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Talet på elevar som ikkje trivst på skulen er høgare enn elles i Hordaland og Noreg</li> <li>- Talet på elevar med lågaste meistringsnivå i 5.klasser er høgare enn elles.</li> <li>- Talet på personar med hjarte- og karlidingar er høgare enn elles.</li> <li>- Talet på eldre over 80 flatar ut dei næraste åra, men skyt fart og aukar frå 2025 til ei dobling av talet i 2035, og utviklinga fortset.</li> <li>- Trafikktryggleik generelt, og på skuleveggar spesielt</li> <li>- Auke i livsstilsidingar og einsemd</li> </ul> <p><b>Førebyggjande tiltak</b> vil vere viktige:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Utjamning</li> <li>2. Helse i alt vi gjer</li> <li>3. Berekraftig utvikling</li> <li>4. Føre-var</li> <li>5. Medverknad</li> </ol> <p><b>Planlegginga</b> – mål rettast mot:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- skapa gode oppvekst- og levekår</li> <li>- skapa eit samfunn som legg til rette for sunne levevanar, fellesskap, likeverd, sjølvstende, tryggleik, berekraft og deltaking</li> <li>- skaffa oversikt over helsetilstanden i kommunen for å avklare kvar det er behov for å setja inn krefter for å betre livsvilkåra for folk flest</li> </ul>	<p>Tema vil bli teke med i samfunnsdelen, og være ein del av utfordringsbilete. Vil ikkje bli utdjupa meir i planprogrammet.</p> <p>Mogleg dette bør vere grunnleggjande prinsipp.</p> <p>Skal utdjupast meir i samfunnsdelen.</p>	<p>Står noko om dette i planprogrammet.</p>	<p>Utdjupande kommentarar er ikkje innarbeida.</p>

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	Det er naudsynt at dette blir nedfelt i kommuneplan og planstrategi for å sikra ei god forankring.			
Avinor	Ingen merknadar til planarbeidet eller planprogrammet.			
Kystverket Vest	<p>Viktig at kommunen tek omsyn til:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Sjøtransport – farleiene er ein viktig del av transportnettverket, og er eit sentralt utgangspunkt for å kunne ivareta og forbetra tryggleiken, og leggje til rette for effektiv sjøtransport.</li> <li>- Database «Kystdatahuset» bør nyttast i planlegginga for sjøområda.</li> </ul> <p>Positiv til interkommunalt samarbeid med Bømlo og Stord.</p> <p><i>Småbåthamner/fellesanlegg i sjø</i> Ved planlegging av småbåthamner/fellesanlegg i sjø må ein ta omsyn til nyttetrafikken. Småbåthamn i kombinasjon med hamner til nyttetrafikken kan vera uheldig. Småbåthamna og fritidsbåtane kan verta påført skade frå større fartøy på grunn av manøvrering og propellvatn.</p> <p><i>Akvakultur</i> Plassering av akvakulturlokalitetar inkl. fortøyingar vil ofte få innverknad på sikkerheit og framkoma i farvatnet. Det er spesielt viktig at nye områder for akvakultur vert lagde i god avstand til farleiene, og at anlegg ikkje kjem innafør eller tett opp til seglingssektorar frå</p>	<p>Tar dette til orientering. Høyrer til arealdel og vil bli fanga opp ved revidering av den og den løpande sakshandsaminga.</p> <p>Tar dette til orientering. Høyrer til arealdel og vil bli fanga opp ved revidering av den og den løpande sakshandsaminga.</p>	Står i planprogr. og er eit eiga hovudtema.	

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>fyrlyktene.</p> <p><i>Navigasjonsinnretningar</i> Kystverket har eit overordna ansvar for fyrlykter, lanterner, overretter, stakar og jernstenger m.m. i kommunen. Det må ikkje planleggast arealbruk i konflikt med navigasjonsinnretningar. Det er spesielt viktig at det ikkje vert opna for tiltak som kan skjerma for seglingssektorar frå fyrlyktene.</p>	<p>Tar dette til orientering. Høyrer til arealdel og vil bli fanga opp ved revidering av den og den løpande sakshandsaminga.</p>		
Eldrerådet	<p>Ynskjer fleire bustadar for eldre i Fitjar sentrum. Viktig med tannlege og apotek. Universell utforming må vere gjennomtenkt og funksjonelt for alle brukarar.</p>	<p>Skal utdjupast meir i samf.delen.</p>	<p>Står noko om dette i planprog.</p>	
Rådet for funksjonshemma – Kari Fjugstad Giske	<p><b>Tidsrom:</b> 20 år er lang tid. Kvifor ikkje 12 år slik det skal vere i kommuneplanen?</p> <p>Universell utforming må liggje til grunn for alle område i planen.</p> <p><b>Fitjar i berekraftig vekst</b> Her må man få inn noko om at det er viktig å skaffa arbeid, tilpassa arbeid eller andre gode dagaktivitetstilbod til alle som treng det. Samarbeide med NAV og andre instansar. Få folk over frå trygd til arbeid. Må ha fokus på personar som fell utafør.</p> <p><b>Bulyst og levende sentrum</b> Aktiv jobbing for å få tilflytting. Aktiv jobbing for å behalda nyrekruttering til</p>	<p>Minimumskravet er 12 år i PBL, men det er fornuftig ut frå planhorisont og iverksetting å ha ein horisont på 20 år.</p> <p>Universell utforming er eit lovkrav som ein må etterkomme.</p> <p>Skal utdjupast meir i samf.delen</p> <p>Skal utdjupast meir i samf.delen</p>	<p>Universell utforming vert innarbeida</p> <p>Enkeltelement vert innarbeida av uttalen</p>	<p>Utdjupande kommentarar er ikkje innarbeida.</p>

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>bygdene. Korleis få folk til å bu her (alle aldersgrupper) og til å feriere her ? Næringsliv i bygdene – skule, barnehage mm. Me ville vel kalla punktet «Levande sentrum og levande bygder»</p> <p><b>Smarte kommunale tenester</b> Her står det overraskende lite. Samstundes er dette eit stort og omfattende område som alltid er ei stor utfordring for kommunen med tanke på kompetanse og økonomi! Skule, helse, omsorg. Me meiner at dette punktet burde vore delt opp i fleire andre punkt.</p> <p><b>Mangfald</b> Også her er det viktig å ha fokus på at tilbod må kunne tilpassast. Ikkje alle kan vera med på ordinære tilbud.</p> <p>Punkt me meiner bør med i planen.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Oppvekst – ein oppvekst der alle opplever meistring, tilhørigheit og inkludering.</li> <li>- Eldre</li> <li>- Helse og omsorg</li> <li>- Kompetanse og rekruttering.</li> <li>- Offentlege tenester; god tilgang på offentlege tenester, fysioterapeut, lege, tannlege mm.</li> <li>- Folkehelse, førebygging, motivering og tilrettelegging</li> <li>- Likestilling</li> <li>- Samfunnstryggleik – beredskap</li> </ul>	<p>Skal utdjupast meir i samf.delen</p> <p>Skal utdjupast meir i samf.delen</p> <p>Skal utdjupast meir i samf.delen</p> <p>Noko av dette kan vere med som grunnleggjande prinsipp</p>		

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>Me meiner at planen bør fokusera på innbyggjarane på måten ein formulerer seg. Som « Alle opplever trygghet ...» , «Alle har ein oppvekst der...» osv.</p>	<p>Tar dette til orientering.</p>		
<p>Arbeidsgruppa for Kongsgarden Historiske Formidlingssenter</p>	<p><b>Historiske Fitjar</b> Ynskjer ein overordna kulturminneplan og tenkjer den kan komme i samband med det arbeidet ein no gjer med samfunnsdelen.</p> <p>-Det fyrste gjeld ynskje om ein visjon som kan vera grunnlaget for ulike hovudtema i planen. Me vil gjerne foreslå ein noko utvida visjon i høve til framlegget: «Historie, samtid og framtid. Fitjar <b>-natur</b>legvis».</p> <p>-Det andre er utarbeiding av eit hovudtema som følgje av visjonen: «Fitjar frå fortid til framtid» Eit slikt hovudtema vil i stor grad kunna vera med å svara spørsmåla som er skissert i kap 4; Kven er me? Kva er me stolte av? Kva er våre fortrinn? Korleis ynskjer me å stå fram om 30-100 år?</p>	<p>Skal utdjupast meir i samf.delen.</p>	<p>Hovudperspektivet om «Historiske Fitjar» vert innarbeida</p>	<p>Utdjupande kommentarar er ikkje innarbeida.  Enkeltelement er ikkje innarbeida</p>
<p>Kråko Utvikling</p>	<p>Ein attraktiv destinasjon for Sjøhytter krev</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• God og lett vintilgang til sjø/båt/naust</li> <li>• Gode og tilgjengelege friområde og turstiar</li> <li>• Gode møteplassar (kafe, mikrobryggeri, mm)</li> <li>• Tilrettelagde aktivitetstilbod av ulike slag</li> </ul>	<p>Har relevans for fleire av hovudtema for samfunnsdelen og det vil verte fanga opp der på eit meir generelt grunnlag.</p> <p>Tema for arealdelen i Kommunedelplanen.</p>	<p>Hovudperspektivet vert delvis innarbeida.</p>	<p>Utdjupande kommentarar er ikkje innarbeida.  Enkeltelement vert ikkje innarbeida.</p>





Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	komme med under hovudtema «Den grønne kommunen».			
Stord kommune	<p>Fokus på samarbeid, felles bu- og arbeidsmarknad mellom Stord, Bømlo og Fitjar som viktig for utvikling av regionen Sunnhordland.</p> <p>Regional arbeidsdeling mellom kommunesenter og regionsenter som mogleg utgreiingstema.</p> <p>Negativ til utbygging av meir vindkraft i Grønafjellet.</p>	<p>Er allereie innarbeida som tema i planprog. Og vil verte vidareutvikla KPS.</p> <p>Er innarbeida i tema «Sterke saman». Vil vurdere å ta det opp som utgreiingstema i samarbeidsprosjektet «Samskaping i plan». Vil verte vidareutvikla i KPS.</p> <p>Tar til orientering.</p>	Står i planprogr. og er eit eiga hovudtema.	
NVE	Ingen innspel			
Fylkesmannen i Vestland	<p>Det går fram av rettleiar T-1492 s. 8 at samfunnsdelen ikkje skal vere meir omfattande enn nødvendig. Ein skal tilpasse planen til kommunen sitt behov. Samfunnsdelen til kommuneplanen skal på den måten vere eit handlingsretta dokument som skal peike ut nokre prioriterte satsingsområde, mål og strategiar for å nå måla, jf. pbl § 11-2.</p> <p>Fylkesmannen meiner generelt at det er trong for større merksemd på samfunnstryggleiksarbeidet i kommunane sine planprosessar for å førebyggje mot uønskte hendingar. Som eit minimum bør kommunen følgje opp dei forventningane som går fram av Kommunal- og moderniseringsdepartementet</p>	<p>Dette er utg.punkt for planprogrammet til Fitjar kommune og ein tek omsyn til dette i arbeidet.</p>	Høyringsuttalen vert delvis innarbeida Jfr kommentarar under adm. si vurdering av høyringsuttalen.	Utdjupande kommentarar er ikkje innarbeida.

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>sitt rundskriv H-5/18 <i>Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel.</i></p> <p>Arealstrategien i den kommunale planstrategien vil også være en viktig premis for oppfølging av temaet samfunnssikkerhet i samfunnsdelen. Kommuneplanens samfunnsdel og en eventuell kommunedelplan for samfunnssikkerhet skal ha en handlingsdel som angir hvordan planen skal følges opp de fire påfølgende årene eller mer.</p> <p>Det er viktig at tiltak som omhandler samfunnssikkerhetsmessige utfordringer forankres i kommuneplanens handlingsdel, siden denne prioriterer, planlegger og konkretiserer tiltakene innenfor kommunens økonomiske rammer.</p> <p>Vi viser til at Fitjar kommune sin gjeldande Klima- og energiplan er frå 2009. Kommune har til no ikkje gjort vedtak om å revidere denne. Vi vil difor rå til at kommunen innarbeider føringane i SPR for klima i kommuneplanen sin samfunnsdel, som vil vere eit sentral styringsdokument i åra framover. Dette er viktig, ikkje minst fordi klimainnsatsen vil sette krav til samarbeid og samordning på tvers av ulike sektorar, både internt og mot statlege etatar og andre relevante partar utanom kommunen. Døme på aktuelle tema for Fitjar er den langsiktige utviklinga i kommunen når det gjeld utbyggingsmønster,</p>	<p>Skal utdjupast i samf.delen der vi vurderer å utvikla ein arealstrategi for hovudtemaene</p> <p>Skal utdjupast i samf.delen. Klima- og miljø er eit hovudtema « Den grønne kommunen» og vil erstatta Klima- og miljøplanen frå 2009.</p>		

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>transportmønster og arealbruk. Vidare er energi- og utslippreduksjon sentrale tema.</p> <p>Folkehelse er nemnd som grunnleggande prinsipp i kapittel 2.3. Folkehelseomgrepet er vidt, og det ville være oppklarande om det gjekk fram kva deler av folkehelsearbeidet Fitjar vil prioritere i arbeidet med kommuneplanens samfunnsdel. Folkehelselova krev at kommunen har eit skrifteleg dokument som identifiserer folkehelseutfordringar i kommunen. Dette skal utarbeidast / reviderast kvart fjerde år. Fitjar sin kommunehelseprofil er frå 2013, og bør reviderast.</p> <p>Fitjar kommunehelseprofil 2013 viser at mobbing i skulen, fråfall i vidaregåande skule og uføretrygda mellom 18 og 44 år er område som Fitjar bør prioritere. Oversikta viser også at sosial ulikskap i helse og psykisk helse hjå barn og unge er viktige utfordringar. Slik hovudtemaa for Fitjar sin KPS er presenterte, går det ikkje fram om dette er tema ein vil inkludere det vidare arbeidet. I Fitjar sin planstrategi 2016- 2019 står «Plan for fremjing av folkehelse» på lista over kommunale planer, utan markering, og tolkast som ingen planaktivitet. I kommentarfeltet står det at planen har behov for revisjon, men at dette er utsett grunna tids- og kapasitetsmangel. Dette styrkjer inntrykket om at kommunen ikkje har ein oppdatert og god nok oversikt over helsetilstanden i befolkninga og positive og</p>	<p>Vil utdjupe folkehelse som eit grunnleggjande prinsipp i kommuneplanen sin samfunnsdel og vil verta utdjupa der.</p>		

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>negative faktorar som kan virke inn på denne.</p> <p>Utvikling av gode bustader og nærmiljø er viktige tiltak i kampen mot sosial ulikskap i helse, barnefattigdom og manglande integrering av arbeidsinnvandrarar og flyktningar. Ein sosial bustadpolitikk og godt bustadsosialt arbeid kan høyre inn under fleire av kommuneplanen sine hovudtema, men er ikkje spesielt nemnt nokon stad i dokumentet.</p> <p>Det følgjer også av rikspolitisk retningslinje for barn og unge og rundskriv T-2/08 at kommunen skal vurdere konsekvensar for barn og unge i all si planbehandling. Samfunnsdelen bør vise til gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunen, jf. data i Naturbase. Det er viktig å leggje dette til grunn i arbeidet med å følgje opp og sikre Rikspolitiske retningsliner for barn og unge, ikkje minst når det gjeld område som er viktige for barn og unge, der dei oppheld seg. Å sikre grønne areal i nærmiljøa er og viktig i satsinga for å sikre nasjonale mål innan folkehelse. Planprosessen må organiserast slik at ulike grupper av barn og unge får høve til å delta, for at synspunkt som gjeld barn skal kome fram og verte ein del av prosessen. Vi viser elles til temaretteljar T-1513 om barn og unge og planlegging etter plan- og bygningslova, samt retteljar H-2302 om medverknad i planlegging.</p>	<p>Vert vurdert i samband med anna bustadpolitikk i samband med Vert tema «Bulyst» og «Levande sentrum». Er også eit eige omstillingsområde i Fitjar kommune</p> <p>Barn og unge vert innarbeida som eit nytt grunnleggjande prinsipp i planen. Og tema vert utvikla i kommuneplanen sin samfunnsdel</p>		

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>Samfunnsdelen skal gje føresetnader for arealdelen. Kommunen bør såleis analysere behovet for nytt utbyggingsareal for bustadar på bakgrunn av prognosar for folketalsvekst og eksisterande utbyggingsareal.</p> <p>Ei langsiktig grense mot utbygging er eit godt verke-middel for å sikre føreseielege tilhøve for landbruksnæringa. Det er først og fremst tema i arealdelen, men kan i samfunnsdelen ligge som ein føresetnad for arbeidet med arealdelen.</p> <p>Vi viser vidare til nasjonale forventningar til kommunal planlegging der det går fram at kommunane skal sikre viktige jordbruksområde, og legge til rette for nye og grønne næringar i tilknytning til jordbruk og skogbruk.</p>	<p>Vi vil prøve å utgreia ein del arealkonsekvensar av hovudtemaene som er i foreslått i kommuneplanen sin samfunnsdel, sjølv om vi ikkje skal rullere kommuneplanen sin arealdel no.</p>		
Statens vegvesen region Vest	<p>Det er nemnd ein del om vekst, sentrumsutvikling, miljøgata og tilknytning til Hordfast, men ein kan godt ta med meir utfyllande om infrastruktur, som er grunnlaget for all utvikling i kommunen.</p>	<p>Står noko om dette under hovudtema «Levande sentrum»</p>	<p>Vert innarbeid som eit eget avsnitt i avsnitt . Om hovudtema</p>	
Hordaland Fylkeskommune	<p>Det er ei styrke at Fitjar er så tydelege på det breie og tverrsektorielle perspektivet. Dette viser god forståing for å sjå ulik tematikk og ulike sektorar i ein heilskapleg og tverrfaglege samanheng. Det er positivt at FN sine berekraftsmål er lagt til grunn. Det er også positivt at kommunane Stord, Fitjar og Bømlo samarbeider i utviklinga av sine samfunnsdelar til kommuneplanar, og slik sikrar at ein utviklar felles utviklingsperspektiv, kompetanse og</p>			<p>Utdjupande kommentarar er ikkje innarbeida.</p>

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>strategiar.</p> <p>Planprogrammet til høyring er generelt og kan med fordel spissast meir. Vår tilbakemelding er at ein kan vere konkret, det tener kommunen på. Utfordringane blir då tydelegare. Kwart hovudtema er drøfta på eit overordna nivå, men særleg på nokre av temaene ønskjer ein at kommunen kunne ha vald seg ut konkrete utfordringar eller kvalitetar som er viktige for Fitjar, og i større grad drøfta kva som gjer dette spesielt i Fitjarsamanheng. Vi saknar også ei kopling mellom hovudtema og føresetnader/prinsipp, samt strategi vidare for kvart tema.</p> <p>Ein arealdel i ein kommuneplan kan gjerne innehalde klare strategiar for vidare arbeid, som også bind saman samfunnsdelen og ein seinare arealdel av kommuneplanen. Ein måte å gjere dette på er å ha ein «langsiktig arealstrategi» som eige kapittel, som peiker ut hovudretningar og dannar grunnlaget for kommuneplanen sin arealdel. Her bør hovudutfordringane for arealdisponering kome fram.</p> <p>I eit planprogram bør kommunen drøfte kva som er unikt med Fitjar, og korleis ein kan framheve og forsterke dette gjennom vekst. Ønskjer ein vekst, må ein ned i materia kva som gjer at folk flyttar til Fitjar, eller flyttar heim att. Næringa er her viktig for å tilby arbeidsplassar, men også det gode liv på Fitjar</p>	<p>Vi vil bearbeide KPS med utgangspunkt i meir tydleggjering og spissing av tema. Det er ei utfordring at ein ønskjer avgrensing samstundes som høyringsinstansane vil ha mange element med i planen. Vi har ikkje avgrensa tema meir i planprogrammet</p> <p>Planpr. skal tydeleggjere dette meir. Jfr uttale frå fylkesmannen og SVV</p>	<p>Vert delvis innarbeida</p> <p>Vert delvis innarbeida</p>	

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>med nærleik til barnehagar, skular, møteplassar og vakre naturnære omgjevnader. Korleis skal så Fitjar planlegge for å få til gode nærmiljø? Kva gjer Fitjar til ein attraktiv kommune?</p> <p>Vi oppmodar å setje lokalsamfunnsutvikling på dagsorden i samfunnsplanen, og med blick for å skapa dei gode prosessane nedanifrå-og-opp. Det er positivt at Fitjar ser for seg å setje fokus på bulyst, mangfald og levande lokalsamfunn i det vidare arbeidet.</p> <p>Digitalisering står nemnt som ei utfordring ved eldrebølgja. Digitalisering er òg ein ressurs og moglegheit i så måte. Mellom anna ved velferdsteknologiske tiltak og tilbod vere gunstig samfunnsøkonomisk. Til kommuneplanens samfunnsdel vil det vere viktig å ha fokus på strategi/arbeid knytt til reduksjon av sosial ulikskap, j.f føremålsparagrafa i folkehelselova.</p> <p>Vi minner om at prinsipp om universell utforming og omsyn til barn og unge sine oppvekstvilkår skal vere ivaretatt i all planlegging, jf. føremålsparagrafen i plan- og bygningslova.</p> <p>Det er viktige stikkord som er trekt fram under dei ulike tema, men vi saknar ein meir heilskapleg tenking kring etableringa av mellom anna bustadområder, næringsliv og korleis kommunen ønskjer å legge til rette for ulike</p>	<p>Dette er delvis kommentert i p.program, og skal utdjupa i KPS.</p> <p>Vert utdjupa i KPS</p> <p>Vert utdjupa i KPS</p>	<p>Står allereie noko om dette under hovudtema i p.program</p> <p>Vert delvis innarbeid i p.program</p>	

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>transportalternativ. Dei statlege planretningslinjene inneber at det er særleg i tettstadsområder og kring kollektivknutepunkt at bustadutbygging og næringsutvikling bør prioriterast. I slike område bør kommunen legge særleg vekt på høg arealutnytting og fortetting der bustadområder er knytt til viktige funksjoner som skole, butikk og service. Slik tilrettelegging vil gjere det enklare å velje dei miljøvenlege transportalternativa, som sykkel og gange, framfor bil. Spreidd busetting kan gjere det utfordrande å drive kommuneplanlegging i tråd med nasjonale retningslinjer for samordna bustad- areal- og transportplanlegging.</p> <p>Fylkeskommunen etterlyser mobilitet og infrastruktur som tema eller drøfta under andre tema. Ein bør søke å synleggjere prinsippa for mobilitet i enda større grad. I høyringsframlegget er det under kap 2.3 trekt fram at «All planlegging skal vere berekraftig med omsyn til klima, natur, menneska og økonomi» skal gjelde som grunnleggjande prinsipp. Dette er eit viktig prinsipp som bør følgast tydelegare opp når det gjeld mobilitet og korleis kommunen skal bygge opp under miljøvennlege reiser på Fitjar. Mobilitet er og eit tema som med fordel kan kopleast til folkehelsearbeidet i kommunen. Det er til dømes ei nasjonal og regional målsetting at 80 % av barn og unge skal gå eller sykle til skolen. Skal ein lukkast i dette arbeidet må det skapast trygge og bilfrie områder kring skolane</p>	<p>Står allereie i p.program</p> <p>Vert utdjupa i KPS</p> <p>Vert utdjupa i KPS</p>	<p>Vert delvis innarbeid i p.program</p>	



Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>og barn og unge må motiverast til å gå eller sykle. Mobilitetsretta arbeid er døme på eit tema som det bør vere knytt klare prinsipp og prioriteringa til. Slike tema høyrer heime i samfunnsdelen av ein kommuneplan og skal legge føringar for arealdisponeringa. Det er viktig at slike prinsipp vert løfta i det vidare arbeidet med å rullering kommuneplanen.</p> <p>Fitjar nemner i planprogram eit ønskje om eit «levande sentrum». Her vil det vere viktig å involvera breidt, og ikkje minst å ha næringslivet inkludert. Vi oppmodar til å rådslå med næringslivet, og at ein etterspør kva oppfatningar og behov dei har. Næringsliv sit ofte på viktig og framtidsretta kunnskap. Når det gjeld næringsutvikling vil det og vere viktig å setja fokus på digitalisering og ny teknologi, som til dømes kvardags- og velferdsteknologi.</p> <p>Vi oppmodar kommunen til å ha målsetting og strategiar knytt til å ivareta jordressursane best mogleg. I tillegg til å ha fokus på arealdelen ved landbruk, er det i tillegg viktig å ha strategiar/tiltak knytt til produktutvikling/lokalmatsatsing osb. Vi oppmodar til at kommunen legg til rette for næringsutvikling for landbruket, og kommunen bør vere bevisste på korleis dei kan hjelpe gründerar i landbruket.</p> <p>Vi oppmodar generelt til å tenkje visjonært kring entreprenørskap og næringsutvikling. Det er viktig å jobba langsiktig og kontinuerleg med</p>	<p>Er allereie nemnt i p.program under medverknad, og næringslivet er sterkt representert i medverknadsprosessar som innbyggjarpanel og eiga møte med næringslivet. Vil verta fulgt opp med ny reguleringsplan for Fitjar sentrum.</p>		

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>næringsutvikling og entreprenørskap. I det vidare planarbeidet oppmodar vi til å ha fokus på nettverk, møteplassar og kompetansebygging som bidreg til å stimulera til, og å skapa «kultur» for entreprenørskap.</p> <p>Hordaland fylkeskommune minner om Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger som vart vedteken 04.10.2017. No er planen inne for handsaming i departementet, men har uansett mange viktige føresegn som kan vere til god støtte i arbeid med kystsone i kommunen. Planen har mellom anna som mål at strandsona skal ivaretaast i eit langsiktig perspektiv som ressurs for lokalmiljøet med fokus på natur –og landskapsopplevingar, biologisk mangfald, friluftsliv og kulturminne. I strandsona er det viktig å ivareta ålmenne interesser og hindre uheldig utbygging.</p> <p>Hordaland fylkeskommune ser det som særleg viktig at kommunen gjennom arealplanlegging legg til rette for ei berekraftig og lønnsam utvikling innafor akvakulturnæringa.</p> <p>Samfunnsdelen skal vere med på å definere og formidle kommunen sin identitet, og kva retning kommunen ynskjer å gå. Kulturminna i Fitjar kommune er ei rik kjelde til identitet og byrgskap og vil difor vere ein viktig ressurs i dette arbeidet. Kulturminna er òg kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt. Kulturminna i Fitjar bør og sjåast som ein helsefremjande faktor, då dei er viktige for alle</p>	<p>Delvis nevnt i p.program og skal utdjupast noko i KPS.</p> <p>Vert utdjupa i KPA, når den skal rullerast.</p>		

Uttale frå:	Hovudmoment	Adm. si vurdering	Innarbeida i planprogrammet	Ikkje innarb. i planprogrammet
	<p>generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd.</p> <p>Kulturminne er utdjupa under hovudtema «mangfald», men høyrer også til under fleire av dei andre hovudtema. Fitjar kommune vedtok ein kulturminneplan i 2015 som fekk fram eit mangfald av lokale kulturminne. Kulturminna kan vere ein viktig premiss rundt næringar knytt til reiseliv, kulturoppleving og landbruk, og bør inngå i tema «Fitjar i berekraftig vekst». Kulturarven er ein del av attraktive bygder og er med på å definere bukvalitet og eit levande sentrum, og høyrer til under «Bulyst» og «Levende sentrum». I bygdene er kulturminne med på å støtte opp under temaet «Den grønne kommunen». Det er viktig at arbeidet med kulturminneplanen vert integrert i samfunnsdelen, arealstrategien, og seinare i kommuneplanens arealdel med føresegner, retningslinjer og omsynssoner. Vi utfordrar kommunen til å sjå kulturminneplanen i samanheng med kommuneplan for anlegg og område for idrett og friluftsliv, kommuneplan for Fitjarøyane, strategisk næringsplan, landbruksplan og andre relevant planer, og rullere det slik at det i enda sterkare grad støttar opp om viktige mål i kommunen.</p>	<p>Aktuelt for KPA</p> <p>Vert utdjupa i KPS, delvis nemnt under hovudtema i p.program</p> <p>Vert utdjupa i KPS</p>		

Ut frå høyringsinnspel har administrasjonen foreslått nokre justeringar av teksten i planprogrammet.

Hovudtema var eit punkt i fleire høyringar og ein ser eit behov for å klargjere og spesifisere innhald i planprogrammet for dei tema som er valt.

Vi foreslår følgjande endring :

- Smarte kommunale tenester foreslår vi endra til Smarte og kompetente kommunale tenester
- Mangfald foreslår vi endra til Mangfald og inkludering

Administrasjonen har etter høyringsinnspela vurdert det slik at KPS bør ha tre grunnleggjande prinsipp, og foreslår følgjande endring :

- folkehelse, barn og unge og berekraftig utvikling.

Desse fokusområda er sentrale i all kommuneplanlegging og det er viktig å sjå perspektiva for desse områda i dei valte hovudtema til KPS. Desse gjennomgåande tema er også sterkt forankra i nasjonale lovar og retningslinjer.

Fleire statlege høyringsinstansar foreslår at det må verta tydlegare samanheng mellom kommuneplanen sin samfunnsdel og arealbehov. Det vert foreslått at samfunnsdelen skal innehalda ein arealstrategi. Statane Vegvesen tek opp at infrastrukturen må få ein tydlegare som premiss for samfunnsutviklinga slik hovudtema i kommuneplanen. Fylkesmannen peikar også på prioritering av arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap.

Administrasjonen foreslår tekstendringar på desse punkta.

Fleire av høyringsuttalane har innspel som vil verte tydelegare i KPS kor ein vil utdjupe tema og gå meir i detalj. I planprogrammet derimot ynskjer vi å peike på avgrensa hovudtema og det som er relevant av problemstillingar vil verta utdjupa i KPS. Vi har foreslått å supplere teksten i hovudtema med nokre innspel frå høyringsuttalane som har relevans og styrkar temavalet. Utdjupande kommentarar frå høyringsinstansane tek vi til orientering.

Nokon av innspela var fokusert på interkommunalt samarbeid, og kommunen har ein dialog og møtepunkt med blant anna kommunane Bømlo og Stord. Det vert vurdert om ein skal lage eit felles kapittel for alle tre kommunane på tema regional/ interkommunalt samarbeid. Arbeidet gjennom prosjektet «Samskaping i plan» er i gang.

Medverknadsprosessane vert kommentert positivt og vil halda fram som planlagt.

Framdriftsplanen har ikkje vore kommentert i høyringsinnspela og går difor som planlagt.

### **Framlegg til vedtak/tilråding:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret vedtek vedlagte Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2040 i tråd med PBL § 4-1

Kommunestyret vedtek igangsetting av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2020-2040 for Fitjar kommune, i tråd med PBL §11-12

### **Behandling i Formannskapet - 03.04.2019:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) oppsummerte arbeidet med planprogrammet så langt. Rådmann Olaug Haugen presiserte tekstendringar som er gjort i planprogrammet, etter innspel som er komne inn i høyringa. Formannskapet drøfta saka. Ein er oppteken av å få brei medverknad frå innbyggjarane, organisasjonar og næringsliv også i den vidare arbeidsprosessen med sjølve kommuneplanen sin samfunnsdel.

Ordfører Wenche Tislevoll (H) la føre følgjande endring til tilrådinga:  
Under kulepunkt 'Mangfald og inkludering' ta med «Fitjar si historie og kulturarv»

**Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Kommunestyret vedtek vedlagte Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2040 i tråd med PBL § 4-1, med følgjande endring under kulepunkt 'Mangfald og inkludering': Fitjar si historie og kulturarv

Kommunestyret vedtek igangsetting av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2020-2040 for Fitjar kommune, i tråd med PBL §11-12.

**Behandling i Kommunestyret - 24.04.2019:**

Rådmann Olaug Haugen orienterte om arbeidet med planprogrammet, og tilpassingar som er gjort i planprogrammet etter innspel som kom inn under høyringa.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Kommunestyret vedtek vedlagte Planprogram for kommuneplanen sin samfunnsdel 2020 – 2040 i tråd med PBL § 4-1, med følgjande endring under kulepunkt 'Mangfald og inkludering': Fitjar si historie og kulturarv.

Kommunestyret vedtek igangsetting av arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2020-2040 for Fitjar kommune, i tråd med PBL §11-12.

Olaug Haugen  
Rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*